

Rask og enkel Adventkalender



Adventkalender med små sokkar der ein kan putte små gåvepakkar for kvar dag i advent.

Dei små sokkane er sydd fast med sikksakk oppå eit botnstoff. Kanvas eller twill vil halde fasongen ganske bra. Syr du på eit tynnare stoff kan du legge til mellomfor og eit bakstykke og quilte for å få betre stabilitet.

Sokkane kan syast med raude stoff, eller i lilla, som er den liturgiske fargen for advent.



Dette treng du:



24 raude eller lilla stoffstykker ca 12 x 12 cm kvar.
Dersom du klipper alle sokkane frå same stoffet, treng du ca ½ m stoff.

Ca ½ m strykeveliseline.

Bakgrunnsstoff ca 60 x 80 cm eller 75 x 75 cm avhengig av korleis du vil fordele sokkane utover.
Bakstykke og mellomfor i same str dersom du skal quilte.

25 cm raudt eller lilla stoff til kant




Ca 20 cm x breidda på kalenderen til opphengskanal.
Stang til å henge på.



Teikn sokken på strykeveliselin, teikn på den sida som er uten lim. Sjå neste side for mønstersjablong. Merk av dei raude kryssa.

Stryk fast på baksida av stoffet og klipp ut sokken.
Dersom du vil sy sikksakk på kanten oppe i staden for å falde, så klipp etter den prikka brettelinja.

<http://kameleonquilt.com>




Brett og sy øvste kanten på sokken.

Plasser sokken på botnstoffet, set fast med knappenåler rundt nederste delen, frå kryss til kryss. Flytt hjørna oppe lenger inn mot midten slik at sokken får ein rett kant i staden for å skrå utover. Sokken vil no bule ut frå bakgrunnsstoffet og det vil bli betre plass til ein liten pakke. Fest med nåler, og sy sokken fast til bakgrunnsstoffet med ein sikksakksaum som dekkjer sårkantane.

Har du maskin som syr bokstavar, kan nummera syast på sokkane før dei blir sydd fast til bakgrunnen. Ein kan og skrive på nummer med ein vannfast penn. Kalenderen kan og vere utan nummer, og i staden blir tala skrivne direkte på pakkane.

Har du eit solid bakgrunnsstoff, kan det kantast direkte. Har du brukt eit tynnare stoff, legg toppen og bakstykket saman vrange mot vrange, med mellomfor mellom laga dersom du treng det for stabiliteten. Set fast med nåler og/eller tråkle, quilt rundt alle sokkane.

Kutt 3 eller 4 strimlar 6 cm breie, skøyt saman til ein lang strimmel, brett på langs med rettsida ut og stryk. Sy strimlen rundt kanten på rettsida av kalenderen, brett over til baksida og legg til med hand, eller sy med maskin.



Mål breidda på kalenderen, kutt eit stoffstykke ca 20 cm breitt og med lenda lik breidda på kalenderen. Fald korstsidene, brett dobbelt og sy saman til eit rør.

Sy opphengskanalen fast øvst på baksida av kalenderen, tre i ei stong til å henge på.